

## Handtering av Covid 19/Koronavirus på Tryggheim Strand:

Vi følgjer generelt med på FHI sin informasjon, og held oss til FHI og smittevernlege i Strand kommune i spesielle spørsmål som måtte angå skulen.

<https://www.fhi.no/sv/smittestomme-sykdommer/corona/>

Strand kommune har også lagt ut informasjon på nettsidene sine angående Covid-19/koronaviruset: <https://www.strand.kommune.no/aktuelt/covid-19-koronavirus.185090.aspx>

På skulen følgjer vi desse prosedyrene:

- Før måltid:  
Vakter ved handvask, som ser til at alle vasker hendene godt med såpe og vatn.  
Vakter deler ut sprit i kvar hand.
- Generelt: Vi unngår handhelsing på elevane når vi tek imot dei om morgonen.
- Frå 11.3: Stengt matbuffét to veker framover.  
**Vi ber foreldre sende niste med elevane, i første omgang frå 11.3. til 20.3.**  
Deretter tek vi ei ny vurdering om evt forlenging av dette tiltaket. ( Vi trekkjer frå dagane utan lunsjservering på fakturaen)

Vi kan oppleve at skular vert stengde som ein følgje av koronasmitte eller mistanke om smitte. Det er i så fall kommunen som avgjer dette, og informasjon vil i så fall gå ut frå oss via mobilskule. Sjå informasjon frå Utdanningsdirektoratet om skular og koronaviruset her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>

Mange har spørsmål om koronavirus, og Helsedirektoratet har laga ein film som rettar seg mot barn og unge. I filmen svarer Helen (lege i Helsedirektoratet) på spørsmåla frå Hermine på 13 år.

Sjå filmen på YouTube her:

<https://www.youtube.com/watch?v=v1W249t1vA&feature=youtu.be>